



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

v/fylkesordfører Jenny Følling

11.11.19

### **SØKNAD OM STØTTE TIL NM I SKISKYTING 2020 I VIK**

Viser til hyggeleg telefonsamtale 7.11.19.

Vik IL v/Ski- og Skiskyting har fått tildelt NM i Skiskyting 27. – 29. mars 2020 etter å ha søkt Norges Skiskytterforbund om dette. Vi er stolte over tildelinga, og ser verkeleg fram til mesterskapet. Det skal mellom anna delast ut 2 Kongepokalar, samt kårast mange Norgesmeistrar denne helga i slutten av mars.

I den samanheng søker vi Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 150.000 i støtte. Sjå søknad og budsjett vedlagt. Ei økonomisk støtte er svært viktig for oss.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål, og vi ser fram til tilbakemeldinga på søknaden.

Med venleg helsing

Jorunn Åsfrid Røyrvik (sign.)

Leiar, NM Skiskyting 2020

Trude Undebakke (sign.)

Leiar, Vik IL Ski- og Skiskyting





## SØKNAD OM STØTTE TIL NORGESMESTERSKAP I SKISKYTING 2020 I VIK

### INNLEIING

#### 1) SKISKYTING I VIK

Skiskyttarmiljøet i Vik har ei lang historie, og gruppa vart etablert på 1980-talet. Sidan den gong har Vik vore ein aktiv klubb der breidde, samhald og glede i idretten har vore dei viktigaste faktorane. Klubben har også utvikla fleire utøvarar som har hevda seg på høgt nasjonalt nivå, og vi må få nemne Ann Kristin Aafedt Flatland som var på landslaget i mange år og har internasjonale meisterskapsmedaljar.

Det er og har alltid vore viktig at born og unge får vere allsidige, og samarbeidet med dei andre idrettane i Vik som t.d. fotball, handball og friidrett dannar grunnlaget i utviklinga av utøvarane. Klubben har eigne trenarkreftar og legg også vekt på å nytte og få fram unge, nye trenarar.

Skiskyttergruppa i Vik IL høyrer til Hordaland Skiskyttarkrets. Vi søkte og fekk innvilga dette i Skiskyttarforundet for om lag 10 år sidan. Årsaka er at Vik er einaste klubben i Sogn, og at nærheiten til store og viktige miljø som i Myrkdalen, på Voss og ellers i Hordaland er naturleg for Vik. Vi har framleis likevel eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane krets, og opplever at deltakartala er spesielt høge når t.d. Landsdelsmesterskapa vert arrangert i Vik.

I tillegg til utøvarane våre som har bustadadresse her i Vik har klubben løparar frå Masfjorden, Gulen, Balestrand, Sogndal og Lærdal som går for Vik IL Ski- og Skiskyting. Dette er utøvarar som ikkje har eigne klubbar, og som då ønskjer å gå for Vik. Dette set vi stor pris på, og vi inkluderer desse utøvarane i fellesskapet på renn, klubbssamlingar etc.

Vi har i dag ein del utøvarar som har flytta til andre stader for å satse på idretten sin, både ved Landsdelslinja i Stryn (Vidaregåande Skule) og eldre utøvarar som bur på Lillehammer. Juniorar og eldre (dvs 16 år og eldre) er medlem av «Team Glå'laks» som er Hordaland krets si satsing og tilrettelegging for dei eldste utøvarane.

#### 2) VIK SOM ARRANGØRKLUBB

Vik IL Ski- og Skiskyting har etterkvart fått vesentleg arrangørkompetanse. Dette er nok også årsaka til at vi har fått tildelt NM 2020. Vi har tidlegare arrangert Sommar NM i rulleskiskyting i 2009 og 2016, men det er første gong at vi skal arrangere eit så stort mesterskap på snø. Vi har også fått tildelt Landsdelsmesterskapet (LM) for 2020, og skal arrangere dette 8. – 9 februar 2020. Også dette





arrangementet er relativt stort med opp mot 200 deltakarar. LM vil vere ein viktig «test» og ei god øving før NM, slik at vi får gjort dei siste justeringar fram mot NM.

Skiskyttargruppa har spesielt god kompetanse når det gjeld tidtaking. Vi opplever at andre klubbar leiger inn personell og utstyr frå Vik IL i ulike typar konkurransar som «Esefjorden Rundt», «Balestrand Opp», Trappeløpet i Høyanger m.m.

Vi har også støttespelarar i andre grupper i klubben, t.d. i friidrettsgruppa som arrangerte NM i Terrengløp i 2017 og der Skiskyttergruppa var ansvarlege for tidtakinga.

### 3) VIK SKISENTER

Vik Skisenter ligg øverst i Bødalen på veg opp Vikafjellet. Skisenteret er eit nærmiljøanlegg med 5 km lysløype derav 3 km er asfaltert, standplass med 31 skiver (nyutvida i 2016), Skihytte, 500 m skitrek og skileikområde, 5 hoppbakkar og god parkeringsplass. Vi har i tillegg fått formelt løyve av Statens Vegvesen om å nytte eit deponi til parkeringsplass under sjølve NM.

I samband med NM har vi gjort ein del utbetringar og vedlikehald, samt oppgraderingar med forbetra startområde på arena og skogrydda eit område skal nyttas til gli – og skitesting. Sistnemnde tiltak er utløyste av NM-tildelinga.

### NM SKISKYTING 2020 I VIK

#### 4) KONKURRANSANE OG PROGRAM:

Det er eit NM for seniorklassane, og konkurranse går av stabelen helga etter World Cup-avslutninga i Holmenkollen. I tillegg er NM-helga NorgesCup-avslutning for juniorane. Mange juniorar deltek også i seniorklassane. Dette betyr at det vil vere om lag 400 utøvarar i Vik desse dagane.

Program:

Torsdag 26. mars er offisiell treningsdag.

Fredag 27. mars er det NM i sprint for seniorklassane.

Laurdag 28. mars er det NM i fellesstart for seniorklassane, og NorgesCupavslutning for juniorane.

Søndag 29. mars er det stafett for både junioarar og seniorar.





## 5) MÅLSETTING

Vi har følgjande klare målsettingar for NM i Vik:

1. Sportsleg suksess
2. Økonomisk suksess
3. NM for heile Vik

NM skal vere ein sportsleg suksess, først og fremst for alle utøvarane som kjem til Vik. Vi legg alltid stor vekt på og er kjent for gode arrangement der utøvarane kjenner seg i varetatt. Å arrangere eit NM er krevjande teknisk sett, og det er heilt avgjerande at vi har godt personell og gode funksjonærer som veit å sette utøvaren først.

Vidare ønskjer vi at NM skal gi klubben eit viktig bidrag til vidare bygging og utvikling. Vi legg vekt på å ha eit trygt budsjett med lite risiko. Vi fekk tidleg på plass 4 hovedsponsorar, noko som gjer det vidare arbeidet lettare.

Vik er ein liten kommune, og uten bygdefolket sin støtte kunne vi ikkje søkt om eit så stort mesterskap som NM. Det vert lagt vekt på å inkludere heile Vik, og NM skal vere eit arrangement for alle som bur her, samt også tilreisande sjølvsgatt. Mellom anna vil det ikkje vere inngangsbillett til konkurransane, vi har eit samarbeid med skulen og næringslivet, og legg vekt på at premieutdeling og kulturarrangement er ope for alle.


## 6) ORGANISERING

Styret i skiskyttargruppa er styringsgruppa for NM. Rennleiar er også medlem i styret i Norges Skiskyttarforbundet og medlem av teknisk komite i forbundet.

I organisasjonskartet (på neste side) er kun namna på dei respektive ansvarlege som er nemnt, medan det er fleire personar med i dei ulike gruppene.

Det vil vere om lag 200 funksjonærarar i sving desse dagane. Kvar einaste oppgåve er viktig for å nå målsettingane våre. Vik er gode på dugnad, og vi har alt mange funksjonærar som har meldt seg. Vi merkar oss også at vi får inn heilt nye namn/personar som tidlegare ikkje har vore på funksjonærlistene våre, men som no ønskjer å bidra til NM.







## 7) PREMIERING OG KULTUR

Vi nyttar lokalt utvikla premiar. Vi har ein lokal sylvsmed som har utvikla og produsert eit eige skiskyttarsmykke som brukte under NM i 2016. Dette produktet blir no utvikla vidare her i Vik. Vi legg også opp til deltakarpremie til alle med utgangspunkt i produkt her i frå Vik, sjølv om det ikkje er krav til dette frå Forbundet si side. Det er likevel i Vik si «ånd» og moro å få til.

Det vil bli arrangert NM-bankett laurdagskvelden der NM-medaljar og Kongepokalar skal delast ut. Kulturelementet vil her vere viktig, og vi ser fram til å få vise fram Vik.

## 8) OVERNATTING OG ANDRE PRAKTISKE UTFORDRINGAR

Vi forventar 700 – 800 tilreisande. I Vik er det om lag 400 offisielle gjestesenger inkludert hytter etc. I tillegg har vi ein samarbeidsavtale med Kviknes hotell i Balestrand, om lag 1 time reiseavstand frå arena. Slik reiseavstand er heilt vanleg i samband med norgescup og mesterskap. Vi har ei eiga innkvarteringsteneste i klubben der vi hjelper dei tilreiande med å finne egna overnatting i Vik eller annan stad.

Vår største risiko og utfordring er i tilfelle det blir ein dårleg snøvinter, og at snøforholda på Vik Skisenter ikkje er gode nok i slutten av mars 2020. Då må vi gjere klart for flytting av snø frå t.d. Vikafjellet. Vi har erfaring frå dette tidlegare, då vi på 6 dagars varsel arrangerte Landsdelsmesterskap uten å ha snø den dagen vi tok på oss arrangementet. Takka vere den generelle gode støtten som vi har i Vik og hjå bygdefolket stilte mange lokale entreprenørar med lastebilar slik at vi på 2 dagar frakta om lag 3000 kubikk snø frå Vikafjellet til Vik Skisenter. Vi betalte ein symbolsk sum som var avtalt på førehand. Utruleg moro, og ein fantastisk dugnadsinnsats sikra dette. Vi har teke høgde for noko tilsvarande i budsjettet for NM, men kan sjølv sagt ikkje basere dette på den same dugnadsinnsatsen.

## 9) BUDSJETT

Det er budsjettert med eit overskot på kr 312.000,- for NM. Eit tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er såleis svært viktig for oss. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til postane.





NM 2020  
SKISKYTING  
VIK I SOGN

INNETEKTER		KOSTNADER	
INNETEKTER KIOSKSALG	100000	TIDTAKING	60000
OVERNATTING	50000	VAREKJØP KIOSK	50000
STARTKONTINGENT dag 1	45000	LEIGE BRIKKE - EQ TIMING	10000
STARTKONTINGENT dag 2	75000	PREMIAR, inkl blomster	100000
STARTKONTINGENT dag 3	30000	ØKT KAPASITET INTERNETT	10000
BRIKKELEIGE	5000	LEIGE TELT	45000
PARKERING BUBILAR	10000	LEIGE TOALETT	10000
PARKERING BILAR	70000	VVS KOSTNADER	10000
UTLEIGE SMØRJEBUER	35000	LEIGE TELT + MAT FUNKSJONERAR	20000
UTLEIGE SMØRJEPLASS GARASJE	10000	LEIGE BETALINGSTERMINALAR	5000
TILSKOT:		STRAUM UTLEIGE BUBIL/ SMØRJEPL.	30000
- MENY	30000	TRYKKING NM AVIS	45000
- BAMA	20000	NETTSIDE	10000
- NSSF	150000	SPEAKER	45000
- VIK KOMMUNE	100000	TRANSPORT TOALETT	13000
- SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE	150000	JAKKER FUNKSJONERAR	65000
SPONSORINNETEKTER	750000	KULTURINNSLAG	50000
		ARENA/LØYPER	50000
<b>SUM INNETEKTER</b>	<b>1630000</b>	LEIGE TRAKKEMASKIN	100000
		SALT	40000
		FLYTTING AV SNØ	500000
		DIVERSE URUTSETTE UTGIFTER	50000
		<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>1318000</b>
		<b>RESULTAT</b>	<b>312000</b>